14/166 32	Danielsen Ungdomskule, Osterøy (DUO)	BKB05 o_SPA05/o_ SPA04	1) Føresegn 2.54 Ønskjer å endre tekst til «BKB05 skal nyttast til skule/undervisning <i>og/eller</i> anna privat eller offentlig tenesteyting» 2) Ikkje samsvar mellom føresegn og plankart BKB05 mot gangveg o_SPA05 – ønskjer å justere byggjelinja mot vegen lik føremålslinja for BKB05. Ønskjer i tillegg føresegn om at det er lov med tekniske rom/installasjonar på tak på maks.10% av grunnflate og maksimal høgde over tillaten mønehøgde på 2 meter. 3) Forslag om å flytte byggjelinja 4 meter frå bakre del av bygningskropp ut frå fasadelivet inn i uterommet. 4) Forslag til tilleggstekst til maksimal mønehøgde: «Det kan tillates takoppbygg for åtkomst, heis, overlys og tekniske rom/installasjonar på tak. Slike takoppbygg kan tillates i maksimalt 10 % av byggets grunnflate. Det tillates 2 meter maksimal høgde over tillat mønehøgde for slike takoppbygg» 5) Det vil vere plass til 60 og ikkje 100 parkeringsplasser på o_SPA05 og SPA04. 6) Ikkje regulert innkjøring til o_SPA05 –må med i vedtektene for BKB05 7) O_SPA04– usikre grunnforhold og det står ikkje kven som har ansvar for å etablere området. 8) Føresegn 1.56 Forslag om å parallellforskyve o_SPA05 mot o_SPA04 og leggje noko parkering på BKB05 pga høgdeforskjell mellom o_SPA05 og o_G03 9) Ønskjer framtidig ballbane på delar av o_SPA05 10) 1.28 Krav til parkeringsplasser for BKB05 må justerast. Forslag om	1)Føresegn 2.83er endra i samsvar med innspel. 2,3,4) planframlegget er endra noko i høve til moglegheiter for utforming av bygg(ningar) på BKB05. Justeringane er gjort i dialog med representant for Danielsen (Åshild Rød som også har signert merknadsbrev). Nokre av justeringane er også kome som innspel frå kulturminnemynde. Dette gjeld mellom anna omsyn til siktlinjene til Bullaeigedomen. Det er rådmannen si vurdering at endringane sikrar kvalitet, funksjonalitet og god samanheng med resten av miljøgata og Valestrand samstundes som krav til utforming vil sikre god kvalitet for brukarar av bygning(ane) innanfor avsett



			å bruke Sintef sin parkeringsnorm. 11) 1.38/1.41 Skulepaviljong i dag på o_SPA05 – vanskeleg å etablere parkeringsplasser her <u>før</u> det vert søkt om bruksløyve for BKB05. 12) Etablering av o_SPA05 til vest vil medføra eit stort terrenginngrep.	føremål (privat- og offentlig tenesteyting samt kontor). Dette vert inngangsporten til Valestrand frå nord så å sikre god samanheng og kvalitet i arkitekturen vil vera viktig. 5,6,7,8,9) Det er gjort justeringar i høve til parkering i området i dialog med Danielsen og i tråd med andre merknadar til planen. 10)Parkeringsnorm justert 11) Føresegn 1.48 endra til ferdigattest. 12)Teken til vitande.
14/166 34	Helge Rød	f_SPA11	Forslag om å utvida f_SPA11 - behov for fleire parkeringsplassar her.	Sjå i samanheng med journalpost 14/16513 s.10-11 i dette dokumentet.
14/166 35	Åshild Rød	o_SPA07 o_S01 o_SKH01 O_S02 o_SGG	Ferjekai: • Snuradius for buss ikkje ivareteken. • Ikkje tilstrekkeleg plass til fletting av avgåanda ferjetrafikk • Konflikt med o_SPA07 og passasjerar til buss på ferjekaia • O_SKH01 – av- og påstiging til buss i retning Lonevåg er trong • O_SPA07 ikkje tilstrekkeleg bredde på parkering og innkjøring • Nødkai ved eventuell nedlegging av ferja? • 1.8 regulert gjennom PBL og ikkje mogleg å oppnå tilkomst for rørslehemma på alle uteoppholdsareal. • 1.10 verkar veldig strengt – kanskje ikkje mogeleg	O_SPA07 teke vekk. Utvida areal o_S01 slik at det er tilstrekkeleg til at bussar kan manøvrere. Jf føresegn 1.8, 1.10, 1.18 og .19 sjå journalpost 14/16517 s 11



			1.18 og 1.19 Arbeidsmiljøloven dekker disse punkta	
14/166 36	Åshild Rød	o_S02 o_VS04	Visjon: Valestrand sjøbad med gjestebrygge og restaurant. Valestrand sjøbad vil gje tilkomst til fjorden og vere ein naturleg møtestad på Valstrand. Sjøbadet inneheldt td stupetårn, barnebasseng og treningsbasseng, omkransa av eit flytande landskap av kai- og bryggeanlegg. Restaurant med eit tett samarbeid med Lerøy Fossen og andre lokale aktørar. Ulike kurs etc.	Inspirerende og teken til vitande. Planframlegg opnar for å realisere slike idear.
14/167 36	Knut Hendriksen	H570_01 o_SGG	1) Lagt ned stort arbeid i å tilbakeføre heile landskapet på begge sider av Valestrandselven mellom Ole Bulls villa og Foss til ein naturpark slik den var tenkt i 1869. 2) Negativ til o_SGG, gangveg med bru over elva. Går imot tanken bak Ole Bulls naturpark og gjer det vanskeleg for jordbruket.	1)Teken til vitande. 2)Justering av gangveg ned mot vatnet for å redusere ulempe for landbruket.
14/167 53	Marta Røskeland	Kringastemma	Ønskjer at elva skal få renne slik ho tidlegare har gjort og at både laks og aure kunne få leva som før. Lage ein så stor opning nede i stemmegarden så elva kunne renna sjølv om ho var flaumstor. For eksempel lage ein kvelving.	Teken til vitande. Vert ikkje vurdert i områdeplanen.
14/167 85	Eides AS		1) Negativ til endring av noko av tomta til Eideshuset frå sentrumsføremaal til anna trafikkføremaal. Positive til: 2) Gjestebryggje langs ferjekai – ønskjer å flytte garverimuseet til gjestebryggja 3) Torg o_ST02 – vil sikra den visuelle kvaliteten mellom sjøen, Valestrandsvatnet og Bullahuset. 4) Gangveg o_SGG 5) Fortau langs nordaustre del av Eideshuset, samt gangfelt mot nord. Forslag om opphøgd nytt gangfelt. 6) Miljøgate og sentrumsføremaal mellom Eideshuset og Haldorvika.	1) Anna trafikkføremaal er vidareføring av føremål i gjeldande plan. Meir areal avsett til sentrumsføremaal pga endringar i samband med naugsynt omlegging av veg. 2) Føresegn 2.106 og BKB06 ivaretek ei løysing for dette i området. 3)Teken til vitande. 4)Teken til vitande 5) Detaljprosjektering vil



				måtte ta stilling til kryssingspunkt og evt utforming. 6)Teken til vitande.
14/168 74	BIR AS	Føresegn	1.48 og 1.53 – Krev ei nærare avklaring, då m.a. lagring av avfall innadørs ikkje er i samsvar med gjeldande reglar. Handtering av avfall visast i planskildring (utomhusplan/illustrasjonsplan) og det skal vere rekkjefølgjekrav om ferdigstilling av avfallsanlegg før midlertidig bruksløyve/ferdigattest.	Føresegn 1.62 presisert at dette gjeld rest- og papiravfall. Krav om RTP – plan i generelle føresegner sjå ny føresegn 1.22
14/169 56	Fylkesmannen i Hordaland	VS03 O_BAS02 og 03 Valestrandsvatnet Føresegner	1) Småbåthamn i utkanten av innseiling. Er skeptisk til plasseringa og meiner tiltaket bør konsekvensutgreiast. 2) Gangveg ved sjøen og badeområde bør koplast saman slik at ein kan gå på gangvegen heilt fram til badeområde. 3) Positivt med gangveg rundt vatnet. Meiner kommunen bør ta vare på kantvegetasjon og unngå utfylling i vatnet. Kommunen bør avgrense svartelista plantar. 4) Kart og føresegner må vere tydelege. - Kode BKS er ikkje definert i seksjon - 1.1. Rekkjefølgjekrav 1.41 er gjentakning av 1.38 - Utydeleg kvifor nokre leikeareal har koden LEIK og andre BLK.	1)Småbåthamn VS03 er teke ut. Allereie konsekvensutgreidd ved 1.gongshandsaming (planskildring side 72-75). 2) Lagt til rette for gangveg på land som går heilt fram til badeområde 3)Ny føresegn 1.24. 4)Endra føresegn 1.1.2 Føresegn 1.38 er fjerna. Alle leikeområde har no fått BLK og alle parkeringsareal har fått SPA.
14/170 95	Statens vegvesen (SVV)	Regulering av riks- og fylkesveg-anlegg Kollektiv	- Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegg som kryss, avkjørsler og vegstrekningar må skje i samråd med SVV. Ønske om tekniske teikningar for å dokumentere at vegtiltaka kan byggast jf vegnormalane. • Må gjerast vurdering av kor det er hensiktsmessig å plassere busslommer i heile planområde. Bør vere i tilknytning til skulane.	Gjennomført prosjektering av veg etter 1.gongs høyring og off. ettersyn v/ konsulent. Gangareal variera frå 2,5m –



		Mjuke trafikanter FV567	- Må sikrast snuareal for buss på ferjekai. • Uklårt kva breidde det er på fortau. Rår til at minimumsbreidde er 3 m. • Ved utbetring av bru vil ein vere avhengig av høgd på vatnet. Vil uttale seg til dette punktet når det er avklara. - Avkøyning til o_BU01 bør vere i samsvar med eksisterande situasjon. - Parkeringsplass o_SPA04 og bygningar i BS04 i fortauskant «fjernar» ein etasje. Føreslår at «etasjen under» vert nytta til parkering. - Trafikktryggleik og sanering av avkjørsler. Vil ikkje akseptere ny avkjørsle til o_BU01. Dersom ei felles avkjørsle til området må det kome tydeleg fram. - Vil krevje at eksisterande avkjørsler til nordaustleg del av område SGT og sørvestlege del av BS 06 (baksida av Coop-bygget) vert stengd. Bør løysast ut med tilkomstveg til baksida av Coop-bygget via o_SPA04. - Postiv til utforming som miljøgate. Ber kommunen vurdere om ein ønskjer rundkøyning rett etter o_SPA04. Må i tilfelle sikre at det er sett av nok areal til rundkøyning. - Må tydeleggjerast at avkjørsle til BKB01 og ST01 skal trekkjast vekk frå kryssområde med fv 567. Viktig med landingsareal til fotgjengarar som går langs fylkesvegen og kryssar den kommunale vegen. - Parkeringsplass o_SPA07 på ferjekaien må fjernast pga hinder for bussar kan snu. - Legg til grunn meir detaljert plan for kaiområdet til 2 gangs offentlig ettersyn. • Ønskjer rundkøyning ved Eideshuset fjerna. Avkøyning til o_SPA06	over 6m (i miljøgata). Trafikksukker løysing for trafikkavvikling i tilknytning til skulane. Manøvreringsareal på ferjekai OK. Parkering i underetg. på BS04 OK. Avkjørsle til o_BU01, SGT samt eksisterande avkjørsle (nr 2) til BS06 drøfta og avklart med Vegvesenet i møte på bakgrunn av framlegg til løysingar. Teikningar i tråd med normal frå Vegvesenet vert lagt fram ved 2.gongs handsaming og off. ettersyn. Byggegrenser sett i plankart og i føresegn. Gjennomført dialogmøte med Vegvesenet på framlegg til løysingar. Avventar formell uttale frå vegmynde etter 2.gongs høyring og off. ettersyn.
		FV365		



		Byggjegrense langs veg Støy	må trekkast vekk frå kryssområde. Ber om dokumentasjon på at Vågenessvingen let seg utbetre i samsvar med plan. Avkjørsle til bustadområde BKS 06 bør ligge nord for Vågenessvingen og dette bør omtalast i føresegnene. • Dersom det ikkje vert regulert byggjegrense til fylkesveg vil veglova sine reglar om byggjegrense på 50 meter gjelde. • Ser ikkje at det er teke omsyn til trafikkstøy i planen. Deler av areal sett av til utbygging i planen er i gul støysone og SVV rår sterkt til at områda i gul støysone vert handsama i samsvar med støyretningslinene T -1442/12 • Krev at det vert stilt generelt rekkjefølgjekrav om at det ikkje vert gjeve bruksløyve til nye bustader før avkjørsletilhøva til offentlig veg er etablert i samsvar med plan og gjeldande vegnormalar	
		Føresegner	- Rår til at det vert sett øvre tak på antal parkeringsplassar til ulike føremåla. - 1.33 Rekkjefølgjekrav bør stillast til <u>nye</u> bruksløyver. Bør vere også til BS03 og BS10. - 1.34 må endrast i samsvar med endringar i plankartet. Rekkjefølgjekrav bør knytast til utbygging som fører til utvida bruk av krysset mellom fylkesveg og kommunal veg. - 1.35 må endrast i samsvar med endringar i plankart. - 1.38 og 1.41 omtaler same område. - 1.48 Ønsker inn punkt om at SVV skal høyrast i samband med utomhusplanar som grensar til fylkesvegnettet. - 1.52 må ta med at det skal avklarast med SVV for dei konkrete stadane det er aktuelt langs fylkesvegnettet. - 1.82 må fjernast pga sikthindringar. - 2.21 Gjeld løysing for kollektivreisande i detaljreguleringsplan. SVV meiner dette bør løysast i områdeplanen.	



		Medverknad vidare	- 3.2 Det er vanskeleg å drifte ein så smal gangveg om vinteren. - 3.3 Bør preisere at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjent av SVV før det kan gjevast igangsetjingsløyve. • Viser til semje om nytt møte før 2.gang offentlig ettersyn. Ønsker å kvalitetssikre tekniske planer for vegtiltaka før neste handsaming. Vil uansett vurdere om veginteressene er ivaretekne og uttale seg på vanleg måte ved ny høyring og offentlig ettersyn.	Kommentarar til føresegn er ivareteke i nytt planframlegg.
	Hordaland fylkeskommune (HFK)		Vedtak : 1) Knytt motsegn til manglande omsynssone rundt garveri- og naustmiljø og er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. 2) Knytt motsegn til at Nausthaugen i BKB09 har bygge- og anleggsføremål. 3) Knytt motsegn til manglande stor omsynssone kring Bullaeigedomen. 4) Mogsegna kan trekkast dersom revidert planforslag tek omsyn til HFK sine merknader. 5) Rår til at Osterøy kommune tek omsyn til dei andre merknadane knytt til planforslaget. Saksutgreiing : Vurdering av regionale interesser: 1) Planfagleg: Inkluderande planprosess der ein har lagt til rette for medverknad. HFK på synfaring med kommunen der forståinga etterpå var at det var semje om utviding av omsynssone Bullaeigedomen og tilføyning av omsynssone i garveriområdet. 2) Samordna areal og transport: Planen legg opp til sentrumsstruktur med blanda føremål som vil kunne redusere transportbehov lokalt. Ønskje om å ta omsyn til mjuke trafikantar og å legge opp til parkering i utkanten av definert sentrum. 3) Landskap: HFK ønsker utviding av omsynssone for Bullaeigedomen for å ivareta frisiktsoner frå/til Bullahuset og Bullaeigedomen. Viktig at	Vedtak: 1) Omsynssone lagt rundt garveri- og naustmiljø jf Dive analysen. H570_02 med føresegn. 2) Nausthaugen BKB09 endra til føremål Grøntstruktur 3) Omsynssona er utvida jf H570_01 med føresegn. 4) Teken til vitande 5) Teken til vitande Saksutgreiing: 1) Teken til vitande 2) Teken til vitande 3) Sjå vedtak punkt 3. Kommunen er i dialog med eigarar og vil sikre ivaretaking av landskapsverdien der. Område «Heia» er vest for bustadområde B14.



	HFK fortset	ufforming av bygg på BKB05 reduserer landskapsverdien i området så lite som mogleg. I sentrumsområde bør det settast tydelege krav til utforming av uteopphaldsareal og legge til rette for gode møteplassar. Viktig å ha fokus på fjernverknader for områder lagt ut til ny eller vidare bustadutvikling som B14,B13,B15,B17 og BKS06. Bør ha føresegn som reduserer fjernverknaden som nemnd i konsekvensutgreiing for «Heia». 4) Senterutvikling, arkitektur, estetikk og stadidentitet: .HFK nemner særskilt to element A) «Eldsteskulen» (no BS13). Ved å ivareta denne skulen vil ein i større grad ivareta sentrumsutvikling som byggjer på staden si historie, særpreg og landskapstrekk. B) Parkeringsplass ved Coop (BS05). Planen legg opp til at ein kan bygge i høgda over parkeringsplassen med opne fasader på gateplan. Samd i prinsippet men vurderer at det i større grad vil skape ei god miljøgate ved å oppretthalde ei open siktline til vatnet. Høg grad av utnytting i områder med sentrumsføremål stiller fylkesrådmannen seg positiv til. Torg (o_ST02) ser ein også på som positivt. 5)Kulturminne og kulturmiljø: Fylkesrådmannen vurderer at områdeplanen fører til fleire konfliktar med viktige kulturminneverdiar både av nasjonal, regional og lokal interesse. Nasjonale kulturminneinteresser: Punkt 1.Viser til motsegn i reguleringsplan for Timberdalen i 2007. Vurderer at fleire av dei konfliktane som var grunnlag for Riksantikvaren si motsegn frå 2007 ikkje er løyste. Dette er grunnlag for motsegna. Innspel til oppstart var at stadanalysa for Valestrand frå 2009 skulle bli brukt i det vidare planarbeidet og at ein opprettheldt tett dialog med Museumssenteret i Hordland. For garveriområde på nordsida er det føresetnad at området vert forvalta som ein heilskap og vert gjeve omsynssone vern med tilhøyrande føresegner. Dettte er ein mangel i planen. Forslag til føresegn: <i>Omsynssone H570_2 er sone med særleg bevaringsverdig garveri- og</i>	Området «Heia» er teke ut som bustadområde pga negativ konsekvensutgreiing ang fjernverknad. B14 er på innsida av fjellryggen og har mindre fjernverknad. 4) Område der «Eldsteskulen» (BS13) er endra til sentrumsføremål for fleksibel bruk men med krav til ivaretaking av bygg jf føresegn 2.10 B) Siktliner ivareteke ved å utvide gangveg (6m brei) og i tillegg legge til rette for torg mellom BS05 og BS04. 5)Sjå punkt 1 og 3 over. 6)Andre kulturminnemerknader «Eldsteskulen» kommentert under punkt 4. Karlagarveriet BK01: Forslag i dive analysen om heilt eller delvis flytting av dette garveriet. Planen tek omsyn til dette sjå føresegn 2.106 og til at det ikkje har ei god plassering for formidling i dag.
--	-------------	--	--



	HFK fortset	<i>naustmiljø. Nye tiltak innanfor omsynssona skal avklarast med kulturminnemynde.</i> Punkt 2. Kulturlandskapet kring Nausthaugen svært sårbart for store, nye inngrep. Nausthaugen bør difor få føremålet grønstuktur (G) jf pbl §12-5 3.ledd. Punkt3. Innspel i brev 31.01.12 om utviding av omsynssone omkring Bullaeigedomen. Fylkesrådmannen rår til at ein utvider denne omsynssona i tråd med fylkeskommunen sine innspel og på synfaring med Osterøy kommune 17.09.14. Dette vil seie at omsynssona vert avmerkt i plankart frå plangrensene i vest, mot plangrensene i nord, følgjer vegen i aust samt følgje Valestrandsvatnet i sør samt over delar av BKB05. Automatisk freda kulturminne: Ønsker føresegn slik: <i>H570_01 er sone med særlig bevaring av kulturmiljø, omsynssone c. Kulturmiljø og landskapsbilete knytt til Bullaeigedomen skal takast vare på. Det er ikkje utført arkeologiske undersøkingar etter § 9 i kulturminnelova i område sett av til LNF-omynssone c (H570). Nye tiltak innanfor omsynssona skal avklarast med Hordaland fylkeskommune som rette kulturminnemynde.</i> Planføresegna viser til feil sosikode for omsynssone c kulturmiljø. Det står rett i plankartet. 6)Andre kulturminnefaglege merknader: Rår sterkt i frå at Eldsteskulen vert riven. Bør nytte kvalitetane i bygget Positivt tiltak med god og naturleg lokalisering Ber om at ein sikrar siktlinene frå møteplassen (torg) og bort til Bullahuset/eigedomen ved å utvide omsynssone H570_01 til å gjelde delar av BKB05, o_SPA05 og o_G03. Nybygg bør ikkje vere av ein forstyrrende karakter jf ordlyd tidlegare. Karlagarveriet: Bed om at det vert lagt inn rekkefølgekrav i føresegnene at: <i>Innan det kan søkjast løyve til tiltak på BK01 skal det ligga føre dokumentasjon som syner positiv uttale frå kulturminnemynde ved Hordaland fylkeskommune for prosjektet.</i>	Gangveg- teken til vitande. 7)Friluftsliv: Teken til vitande. 8)Parkering o_SPA07 på ferjekai teke vekk og kaia utvida slik at det skal vere nok manøvreringsareal for buss. Ny løysing for «kyss & køyr» ved skulen som ivaretek trafikksikker løysing for av/påstigning ved skulen både for kollektiv og privatbilar. 9)Strandsone: Teken til vitande. Gangveg i ny BUN01 på land. Likeeins i BKB07.
--	-------------	---	--



Merknader områdeplan Valestrand 1.gangs offentlig ettersyn

	HFK fortset	BKB06 og BS07	Eldsteskulen og Eideshuset inngår i ein samanheng knytt til skulehistorie og stadutvikling. Karakteristiske bygningar og bygningsmiljø som er viktige for Valestrand. Bør sikrast og regulerast med omsynssone vern/kulturmiljø i plankartet (H570) og føresegner. O_BAS02: Kritisk til å legge o_BAS02 i sjø framføre naustmiljøet i. Vurderer at både gangveg og naustmiljøet er betre tent med gangveg bak naustmiljø. 7)Friluftsliv: Tiltak knytt til Valestrandsvatnet er svært positive. Postivt frå eit folkehelseperspektiv. 8)Samferdsel: Planomtalen fokuserer i liten grad på kollektivbetening av Valestrand og moglege konsekvensar ved opphøyr av bompengar over brua neste år. Dersom ferja vert lagt ned vert ikkje lenger ferjekaia sentralt kollektivknytepunkt og ein må sjå på andre snu- og terminalløysingar. Ved fortsatt ferjedrift må det større tiltak til på/ved ferjekaia enn det ein kan sjå av planen for tilfredsstillande løysingar for kollektivtrafikken. Ved området ved skulane må ein finne betre løysingar for bussar med av- og på stigning av elevar på begge sider av fylkesvegen og trafiksikker kryssing av vegen. 9)Strandsone: Positivt at områda VFS01/02 og VB01 er sett av til friluftsområde i sjø og vassdrag. Viktig med føresegn som hindrar tiltak med privatiserande effekt. Positivt å knytte garverimiljø (BKB07/08/09) tettare til sentrum gjennom gangveg. Kritisk til å legge o_BAS02 i sjø framfor det gamle naustmiljøet i VAA04. Rår frå at ein anlegg ny småbåthamn i VS03.	
--	-------------	---------------	---	--

**Andre innspel til planen kome inn etter høyringsfrist som administrasjonen har funne det tenleg å vurdere:**

Journalpost	Innkomen dato	Avsender	Område/gnr	Merknad	Kommentar
14/16182	Innafor merknadsfrist men stila som brev til ordførar og ikkje som merknad til planarbeidet.	William Utvær Bernes / Jonas Bosåsen Håland	o_BIA01 o_GPO1	Ønskje om bane/rampe til bmx-syssel, skateboard og sparkesyssel. Forslag om plassering i enden av fotballbana på Valestrand skule (o_BIA01) eller i Haldorvika på GO2	Føresegn 4.6 gjer det mogleg å vurdere skateelement i o_GP01. Er også nok areal til dette på o_BU01. Vil ikkje vere i konflikt med sentrumsføremål eller bustadføremål. Viktig å ta omsyn til nok bufferareal rundt i høve til samlokalisering med anna aktivitet og trafikktryggleik.
15/13723	28.05.15	Emil Andre og Bjørn Kenneth Øksnes	135/25 og 135/28	Ønskjer moglegheit for tilbygg på hus i sørvestleg retning. Ønskjer garasjeløysing under tilbygg. Tomt 135/25 er tenkt utvida til generasjonsbustad eller frittstående mindre bustad. Ber om at framtidige vegløysingar for Vågenessvingen ikkje påverkar dette.	Trafikksikre løysingar på fylkesvegnett går foran omsyn til framtidig utviding av eksisterande bustadar. Utbygging på regulerte eigedomar må tilpassast fastsette byggegrenser, føremål og utnyttingsgrad.
		Rita Aud Tveiten (nytt prosjekt)	Eig GNR 137 BNR 14 – BKS08	Kome med justering i høve innsendt merknad. Prosjekt for eigedomen saman med nabo-eigedom under	Avventar merknad til 2.gongs høyring og offentlig ettersyn. Viktig å sikre gode visuelle kvalitetar og



		saman med Andreas Tveiten, gbnr 137/10)		utvikling med felles arkitekt. Vert dialog med planavdelinga om ønskjer for utforming, utnytting, krav til parkering, mm.	samanheng med miljøgata i prosjektet. Parkering er utfordrande. Viktig at prosjektet løyser dette på ein tilfredsstillande måte.
15/26586	19.11.15	Helgesen Tekniske Bygg AS	137/40	Er blitt merksame på at i områdeplan for Valestrand er store delar av bygget føreslått fjerna. Kan ikkje akseptere slik inngripen. Krev at tidlegare plan vert vidareført i områdeplanen. Krev at heile bygningsmassen vert regulert til forretning, kontor og bustad. Ønskjer også parkeringsareal framfor legekantor. Meiner gangpassasje o_SGG kan flyttast framfor eksisterande bygning og knyttast til kaiområde. Gangbru vil ikkje vere realiserbar sidan den føreset at bygg over utlaupet skal fjernast. Viser til avtale med kommunen frå 1983 ved utviding av bygningane om deltaking av opparbeiding av parkeringsplassar ved Valestrandsvatnet og at dette må vektleggast når det gjeld parkeringskrav for bygningane.	Det er rådmannen si vurdering at merknaden er vanskeleg å etterkome. Gjeldande bygg (byggningskropp som ligg på betongdekke over evleutløpet) er ikkje regulert med rivningsvedtak. Dette betyr at den kan fortsatt brukast i tråd med lovleg bruk (det som er byggesaks-handsama og godkjent). Rådmannen meiner at bygningen er svært skjemmande for Valestrand og at ein må søke i finne ei anna løysing for brukarane i bygningen i dag slik at den på sikt kan rivast. Løysing for parkering er også svært utfordrande i dette området. Det er opna for fleire tusen kvadratmeter ny bygningsmasse innanfor føremål kontor, næring, tenesteyting og sentrumsføremål. Det bør vere mogleg å finna ei tilfredsstillande løysing for vidare utvikling av næringsverksemda og Valestrand.
Tlf samtale	14.12.15	Oddvar Tveiten	137/72 og 137/200	Ønskjer å utnytte tomtene sine meir enn innspel til oppstart av plan.	Innspelet ikkje innarbeidd i områdeplanen. Område sett av til framtidig detaljregulering felt B12. Ein har i avsett grense for framtidig plan teke med naboeigedom slik at planen kan sikre god samanheng med bygningane i tilknytning til



					gatetun (SGT) og miljøgata. Det er også sett krav til å innarbeide gangveg til miljøgata gjennom området.
15/28113	01.12.15	Arkoconsult		Ny bruk av Revheimsgarveriet (BKB10) til kontorbygg med tilbygg. Arkoconsult er eigar og ønskjer å utvikla eigedomen til kontorlokaler for bedrifta. Har behov for større areal og ønskjer tilbygg til eksisterande bygning. Ønskjer område regulert til næring, kontor, bustad. Har i sitt prosjekt innarbeida gangveg på brygge frå ferjekaien, forbi Revheimsgarveriet på utsida og vidare inn på oppsida av nausta i garverimiljøet. Sjå illustrasjon i planskildring.	Innspel samsvar i stor grad med framlegg til 1.gangs handsaming. Vidare ført ved 2.gangs handsaming med nokre justeringar i føresegner. Rådmannen vurderer at prosjektet er svært positivt. Ein kan få oppgradert garveriet til ny bruk og aktivitet. Gangveg vidare frå sentrum til garverimiljøet vert sikra. Investering i dette bygget kan ha positiv effekt på vidareutvikling av resten av garverimiljøet.
15/28113	01.15.15	Arkoconsult	137/70 i Vardalen	Ca 4 mål tomt. Ønskje om fortetting.	Område sett av til framtidig detaljregulering felt B37